

Innleiing

Statlege midlar blir kanalisert til Program for kunstnerisk utviklingsarbeid (PKU) for nasjonal konkurranse gjennom to ulike program, Stipendiatprogrammet (2003-) og Prosjektprogrammet (2010-).

Frå 2014 er PKU organisert som ei statleg fellesoppgåve etter universitets- og høgskolelova sin § 1-4-4, med Kunst og designhøgskolen i Bergen som operatør.

I 2014 har PKU to 100% adm stillingar: administrativ leiar og programsekretær

Programstyret 2010-2014 har bestått av

- Professor Aslaug Nytnes (HiB), leiar;
- Førsteamanuensis Peter Tornquist (NMH), nestleiar;
- Professor Jeannette Christensen (KHiO);
- Førsteamanuensis Siri Dybwik (UiS);
- Professor Nina Malterud (KHiB);
- Førsteamanuensis Hans Knut Sveen (UiB);
- Professor Malte Wadman (HiL).

Med følgjande personlege varamedlemmer:

- Professor Serge von Arx (HiØ) for Dybwik;
- Professor Kirsti Bræin (KHiO) for Christensen;
- Professor Mads Gamdrup (NTNU) for Wadman;
- Førsteamanuensis Trine Knutsen (NTNU) for Sveen;
- Professor Mette L'Orange (KHiB) for Malterud.
- Professor Wolfgang Plagge (NMH) for Tornquist;

Kunnskapsdepartementet har oppfordra styret til å avslutte sin periode med ei eigenevaluering av programmet si verksemd og styrets arbeid i perioden, og med dette overlevere det faglege ansvaret til nytt styre frå januar 2015.

Programstyret oppsummerer her sine erfaringar og legg inn nokre tilrådingar om oppfølging til det nye styret. Det må understrekast at det nye styret sjølvstøtt står heilt fritt i sitt vidare arbeid.

Overordna vurdering av programmets betyding


Gjennom dei siste ti åra har høgare kunstutdanning i Noreg tatt ansvaret sitt for kunstnarisk utviklingsarbeid på alvor. Program for kunstnarleg utviklingsarbeid er den einaste nasjonale finansieringskjelda for kunstnarleg utviklingsarbeid og spelar difor ei heilt sentral rolle for kunstutdanningane.

Programmet har ein viktig funksjon som fagleg arena for eit nasjonalt fagmiljø og bidrar aktivt i utviklinga av fagleg kvalitet, både gjennom prosjektarbeidet i og mellom institusjonane, gjennom dei halvårlege samlingane og andre møtestader som fremmar refleksjon.

For både Stipendiat- og Prosjektprogrammet gjeld det at prosjekta skal få fram resultat på høgt nivå og med nasjonal og internasjonal relevans. Krav til kunstnarleg kjerne står sentralt, kobla med krav til refleksjon omkring prosess, metodar og kontekst, og synleggjering av resultat. Retningslinjer for tildeling i PKU er både for Stipendiat- og Prosjektprogrammet utvikla i tett dialog med institusjonane, og gjev sterke føringar for institusjonane si felles forståing av innhaldet i kunstnarleg utviklingsarbeid. Det går føre seg ein kontinuerleg diskusjon i fagmiljøa omkring kva kunstnarleg utviklingsarbeid impliserer. Programmet bidrar til å styrke fagmiljøa si innsikt, kunnskap og medvet om metodar og kontekst i kunstnarlege prosessar, og skaper ein kritisk dialog omkring dette. Programmet har tilført sektoren ein kultur for bruk av fagfelleevaluering som vi vurderer som eit viktig element i kvalitetsutviklinga i institusjonane.

Det nasjonale programmet blei etablert blant anna for å sikre kritisk masse for fagområdet kunst på stipendiatnivå, men samtidig er utviklinga av sterke forskingskulturar på dei enkelte institusjonane ei forutsetning for at prosjekta skal gi resultat.

Både i Stipendiat- og Prosjektprogrammet har det tidvis kome opp klare etiske utfordringar i prosjekt. Institusjonane har eigne etiske retningslinjer, men desse synes i stor grad å vere retta mot under-



visningssituasjonar meir enn mot kunstnarleg utviklingsarbeid. Det samla fagmiljøet har så langt ikkje gjort nokon utgreiing om møte med etiske utfordringar i prosjekta. Dette synast påkrevd å ta fatt i.

For å fylle oppgåva og sidestille fagområdet med anna forskning må volumet både i Stipendiat- og Prosjektprogrammet aukast monaleg. Dette er gjort greie for til Kunnskapsdepartementet i budsjettforslag for 2016 og i styringsdialog.

Tilråding til nytt styre:

- Sjå styrking av institusjonane sine eigne forskingsmiljø i samheng med tildeling av prosjektmidlar
- Rette fokus mot spørsmål kring etiske retningslinjer. Dette må sjåast som ei utfordring for heile fagområdet og bearbeidast i samråd med institusjonane
- Arbeide saman med NRKU og institusjonane for å auke ressursane til programmet

Stipendiatprogrammet

Rammeverk og fagleg innhald

Programstyret har mot slutten av si funksjonstid gjennomført ei eigenevaluering av verksemda i Stipendiatprogrammet. Denne er basert på gjennomgang av dei kritiske refleksjonane og sluttbedømmingane som føreligg for stipendiatane, på styrets erfaringar og på innspel frå institusjonane. Det viktigaste resultatet frå denne evalueringa er ein samla revisjon av Retningslinjene for programmet, vedtatt hausten 2014. Programstyret sette som premis for prosessen at revisjonen skulle bidra til:

- ekstern og intern tillit til programmets plass i 3. syklus
- kvalitetssikring i alle ledd
- betre gjennomstrømning
- auka transparens
- meir effektiv sakshandsaming
- konstruktiv arbeidsdeling mellom programstyre og institusjonane
- mindre arbeidsbyrde for programstyre og programadministrasjon


Programstyret har lagt vekt på at retningslinjene skal vere oversiktlege og lett tilgjengelege for alle brukarane, på same tid som kvalitet i sakshandsaming og avgjersler skal ivaretakast. Hovedpunkt i revisjonen er reformulering av resultatkrav, endra prosedyre for sluttbedømming og nye mønster for samhandling mellom programstyret, institusjonane og stipendiatane. Ei av oppsummeringane frå erfaringar gjennom ti år er at refleksjonsarbeidet i for stor grad har fått rolle som ein eigen prosess, skilt frå den kunstnarlege prosessen, slik krava til levering for bedømming har vore stilt. Det er viktig for fagområdet kunst å halde fast ved at refleksjon inngår kontinuerleg i kunstnarleg arbeid og dette ligg til grunn for nye krav til dokumentasjon av refleksjon. Samla sett er likevel krav til innhald i stipendiatprosjekta lite endra.

Programstyret står for organiseringa og gjennomføringa av fellesdelen av stipendiatprogrammet, i alt 20 av stipendiatprosjektas 180 studiepoeng. Innhaldet i fellesdelen blei revidert i 2011-12 for å bli tilpassa det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket. Dei halvårlege samlingane og seminarane står sentralt. Programstyret har knytt til seg ei gruppe tidlegare stipendiatar frå programmet til å vere seminarleiarar. Seminarane har og forelesarar frå programmet sine internasjonale kontaktar. Programstyret meiner at innhaldet i seminarverksemda må styrkast og bli sett i ein klarare samheng. Styret har derfor hausten 2014 drøfta oppretting av ein fagleg leiar av programmet, i ei 20 % stilling som professor, etter modell frå dei nasjonale forskarskolane, men ikkje gått vidare med realisering av dette.

Det har vore eit mål for styret å styrke rettleiarkompetansen i programmet. Styret har sidan 2011 gjennomført 5 seminar for rettleiarane i programmet. Desse blir vurderte som vellykka og har fått gode tilbakemeldingar. Tema for seminarane har vore oppfatta som relevante og forma har involvert deltakarane aktivt. På seminaret i 2014 var det heile 70 deltakarar. Programstyret synest å registrere ei kanskje stor utskifting av rettleiarar.

Tilrådingar til nytt styre:

- Følgje opp korleis dei nye retningslinjene blir praktisert og om endringane fungerer etter intensjonen
- Ta opp spørsmålet med institusjonane om rettleiarsituasjonen er tilfredsstillande

- 
- Vurdere korleis seminarverksemda for stipendiatene skal styrkast og leiast, slik at programmet faglege plattform står klarare fram
 - Få på plass ei meir systematisk evaluering av seminarane frå stipendiatane
 - Vurdere innhald i, omfang av og ansvar for vidareføring av rettleiarseminara

Talgrunnlag og gjennomstrømming

Frå starten i 2003 og fram til no har programmet alt i alt hatt 101 stipendiatar. Hausten 2014 er 53 stipendiatar registrerte i programmet. Av desse er 27 kvinner. 41 av stipendiatane er tatt opp i perioden 2011-2014 og er aktive i programmet.

Finansieringa frå departementet er no på 26 stillingar og tilsvarar eit opptak på 8-9 stipendiatar kvart år. Dei siste åra har institusjonane i større grad bidratt med eigne ressursar, slik at opptaket kvart av dei to siste åra har vore på 12 stipendiatar. Dette er likevel eit lågt tal når ein samanliknar med heile sektoren. Programstyret har difor i budsjettforslag til departementet føreslege at talet på stipendiatar blir auka kraftig. Målet må vere at programmet ved utgangen av dei komande tre åra disponerer i alt 45 stillingar og har eit årleg opptak på 15 stipendiatar finansiert frå programmet.

Gjennomstrøminga i programmet er ikkje tilfredsstillande for eit treårig program, sjølv om Programstyret ser positive teikn til betring i løpet av 2014. Styret si vurdering er at nokre av flaskehalsane for raskare gjennomføring har vore knytt til retningslinjene og handteringa av sluttfasen, altså bedøminga. Betre gjennomstrøming har difor vore ei av føringane i utforminga av nye retningslinjer for programmet. Som eit hjelpemiddel tek programmet, i samråd med institusjonane, no i bruk funksjonalitet i Felles studentsystem for oppfølging av stipendiatane. Dette vil gi meir informasjon for analyse av gjennomstrøminga i programmet.

Tilrådingar til nytt styre:

- Følgje opp utfordringane med gjennomstrøminga
- Bidra til å styrke forståinga i fagmiljøa for den avgrensa tidsramma i stipendiatprosjekta og milepælane for stipendiatane si framdrift

Uttelling som ph.d.

Stipendiatprogrammet er ein parallell til den organiserte doktorgradsutdanninga, men fører ikkje fram til ein formell grad. Eit mål for Programstyret er at fullført program fører fram til ein ph.d.-grad, slik at graden viser programmet sitt nivå. Det har difor vore viktig å tilpasse rammene for dei obligatoriske delane av Stipendiatprogrammet til kvalitetsrammeverket for 3 syklus. Dette har styret nedfelt i dokumentet «Kunst og kvalifikasjon» i 2011-12, som seinare og er lagt til grunn når styret har utforma studieplan og kursplanar for programmet.


Det er eit sterkt ønske frå institusjonane i sektoren og frå stipendiatane at dette spørsmålet får ei avklaring. Departementet peikar på etablering av ein fellesgrad som eit verktøy for å nå fram til godkjenning av programmet som ein ph.d. Nasjonalt råd for kunstnerisk utviklingsarbeid (NRKU) har sett ned ei arbeidsgruppe som og greier ut andre alternativ, men det kan og vere at ei løysing må vente på resultatane av regjeringa si melding om ny struktur i høgare utdanning, som kjem våren 2015.

Tilråding til nytt styre:

- I samarbeid med NRKU følgje opp spørsmålet om korleis ein skal nå fram til ph.d.-grad for gjennomført program

Fagleg resultat

Aktiviteten i Stipendiatprogrammet har generert arbeid som har fremma kvalitet og sett fokus på kunstnarleg utviklingsarbeid gjennom fagmiljøa, rettleiarane sitt arbeid og dei nasjonale møtestadane. Resultatane frå programmet omfattar med det langt meir enn gjennomførte stipendiatprosjekt. Konkret har Stipendiatprogrammet tilført sektoren auka tilgang på kandidatar med formell kompetanse. I alt har 40 stipendiatar sluttført med bestått resultat (tal frå desember 2014). Ein betydelig del av desse er sidan tilsett i høgare utdanning, engasjerte som rettleiarar for nye stipendiatar i programmet eller har andre viktige roller i norsk kunstliv. Departementet seier i styringsdialog at dei ønskjer meir analyse av



spørsmål knytta til rekruttering, gjennomstrømming og kor dei ferdige kandidatane tek vegen. Det vil kreve ein ekstern analyse å svare på fleire av desse spørsmåla.

Tilråding til nytt styre:

- Gjennomføre ein analyse av dei faglege resultatata frå stipendiatprogrammet

Prosjektprogrammet

Prosjektprogrammet er kome til i dette programstyret si funksjonstid og er eit avgjerande verktøy for den faglege utviklinga i institusjonane. Prosjektprogrammet har gitt miljøa åpning for å prøve ut større fellesprosjekt kor ein eksperimenterer med sjølve prosjektforma og med ulike samarbeidspartnarar. Programstyret har sett fokus på organisering og leiing av prosjekta, på publisering og offentleg presentasjon av prosjekta og resultatata. Dei årlege samlingane om hausten har ei særleg viktig rolle for å synleggjere programmet og sette KU-verksemnda på kartet.

Prosjektprogrammet sine kriterium har vore praktiserte i fire tildelingsrundar sidan 2010. I alt har 16 prosjekt fått ei samla tildeling på 24,2 mill NOK i støtte. Den årlege ramma er no på 10 mill NOK. Det er stor søknad til programmet og eit klart behov for å jobbe for auka ressursar til programmet. Godt kvalifiserte prosjekt er avviste grunna manglande ressursar. Det er ønskeleg å kunne tildele langt større midlar til gode prosjekt, som for eksempel kan omfatte også rekrutteringsstillingar. Programstyret ser det som viktig at bevilgninga til prosjektprogrammet kan åpne for prosjekt som er langt meir ambisiøse enn det ramma for 2015 gjer mogleg. Programstyret har i budsjettforslag til KD tatt til orde for at den årlege tildelinga må vere slik at det er rom for å finansiere prosjekt som over tre år ligg på 10 - 15 mill NOK. Målet må difor vere ei rask opptrapping av Prosjektprogrammet, slik at ramma kjem opp i 30 mill NOK per år.

Styret hadde hausten 2013 eit erfaringsmøte med eit fleirtal av dei som har vore brukt som eksterne sakkunninge for søknadane. Frå deira side var det ei klar tilbakemelding at det må leggst meir vekt på prosjekta si forankring i og betydning for institusjonane sine fagmiljø, og at dette er vanskeleg for eksterne å vurdere. Eit anna tema var rekruttering av sakkunninge og ulike moglege arbeidsformer for desse. Alternativ til rekruttering av enkelte sakkunnige som er anonyme, kan vere ein pool med faste sakkunninge som dekker eit breitt fagleg spekter, og kor namna deira er kjende for institusjonane.

Det har fram til no vore for tidleg å evaluere korleis kriteria for programmet er med å styrke ulike kvalitetar i kunstnarleg utviklingsarbeid. Styret har ikkje ønska å gripe inn med mindre endringar i 2014, men overlet til nytt styre å sjå det heile i samanheng.


Tilrådingar til nytt styre:

- Invitere til eit erfaringsmøte med institusjonane som har fått støtte gjennom prosjektprogrammet, med fokus mellom anna på utfordringar knytta til prosjektleiing og på prosjekta si forankring og betydning i fagmiljøa
- Vurdere korleis rekruttering av sakkunnige bør foregå og deira rolle i handsaming av søknadane
- Vurdere om revisjon av retningslinjene for programmet er ønskeleg i nær framtid

PKU i internasjonal kontekst

I åra sidan Stipendiatprogrammet blei oppretta, er kunstnarleg utviklingsarbeid i Noreg og artistic research internasjonalt vesentleg styrka som felt, og mange erfaringar er gjort gjennom ulike rammeverk og prosjekt. Programmet er aktivt på fleire felt.

Dei norske strategiane for kunstnarleg utviklingsarbeid har hatt stor påverknad internasjonalt. Den norske plattformen for Stipendiatprogrammet, med klar forankring i kunstnarleg praksis, har vore eit førebilete for andre etableringar av 3. syklus-program. Dei norske miljøa har vore aktive i nordisk og europeisk samanheng. Den internasjonale kontaktflata er brei og mangfaldig samla sett for dei norske institusjonane og PKU. Eit større tal internasjonale ressurspersonar er rettleiarar og bedømningar i Stipendiatprogrammet, og er engasjerte som sakkunnige for søknader både for Stipendiat- og Prosjektprogrammet. Det foregår kontinuerleg ein internasjonal dialog på ulike møtestadar knytta til PKU.



Programmet og institusjonane er med i ei rekkje relevante nettverk. Dette er viktige arenaer for å hente meir informasjon frå samanliknbare tiltak utanlands, rekruttere sakkunnige til dei to programma og gjere programma synlege i utlandet.

Stipendiatprogrammet og dei kunstnarlege forskarskolane i Sverige og Finland har i fleire år hatt jamnleg kontakt, men manglande kapasitet har førebels vore eit hinder for eit meir forpliktande samarbeid.

ELIA (European League of Institutes of the Arts, ein av dei to sentrale interesseorganisasjonane for høgare kunstutdanning i Europa) tok initiativ til nettverket **SHARE** (Step-Change for Higher Arts Research and Education) finansiert gjennom EU/ ERASMUS Lifelong Learning Programme 2010-2013, med fokus på spørsmål omkring 3.syklus - ph.d. in the arts. Slik blir dette skildra på SHARE si eiga webside:

SHARE is an international networking project, comprising 39 partners working together on enhancing the '3rd cycle' of arts research and education, and creates a European-wide exchange framework for the widely different experiences, practices and ideas that make up the lively domain of artistic and cultural research.

PKU har vore aktiv partnar i fleire arbeidsgrupper i SHARE, og har bidratt med ein artikkel om det norske programmet sine rettleiarsamlingar i den oppsummerande publikasjonen *SHARE Handbook for Artistic Research Education 2013*.

Programstyret har vald å satse på eit engasjement i Society for Artistic Research (SAR) for utvikling av Research Catalogue (RC), ein database for kunstnarleg utviklingsarbeid. Fleire av dei norske institusjonane og PKU støttar SAR og har deltatt aktivt i utviklinga av JAR og av Research Catalogue. RC er Programstyret sitt institusjonelle arkiv over fagleg verksemd med støtte frå programma. Både stipendiatar og prosjektleiarar er forplikta til å gjere resultatata av arbeidet sitt tilgjengeleg her, alternativt i andre tilsvarande relevante media. I 2014 fekk 10 tidlegare stipendiatar økonomisk støtte til å presentere stipendiatarbeida sine i RC.

Tilrådingar til nytt styre:

- Prioritere aktiv deltaking i relevante internasjonale fora
- Følgje opp samarbeidet med SAR og RC, bidra til at funksjonaliteten i systemet vert tilpassa PKU sine ønskje, og sjå til at eigenarkiveringa frå dei to programma blir sikra og omfattar heile verksemda
- Arbeide for å sikre PKU formell påverknad i styringsorgana til SAR og RC

PKU i nasjonal kontekst

Programstyret har lagt vekt på å ha eit godt forhold til institusjonane. Det er faste møte og det er lagt opp til ei ny arbeidsdeling mellom PKU og institusjonane i Stipendiatprogrammet. Ein større del av arbeidet med opptak og oppfølging av stipendiatane er etter ønskje frå institusjonane lagt dit. Meir kunne det vore, men det vil kreve at departementet endrar PKU sine vedtekter. Forholdet mellom institusjonane og programstyret er regulert på ulike måtar i dei to programma. Medan Stipendiatprogrammet baserer seg på deltakande institusjonar regulert gjennom ein avtale, kan alle høgare utdanningar søke Prosjektprogrammet om midlar. Kommunikasjonen mellom program og institusjonar er uansett sentralt. Det er ein krevande konstruksjon som tidvis har vore sett på prøve, men utfordringane har vore løyste gjennom dialog og tilpassing.

Representantar frå Programstyret har møterett som observatør i Nasjonalt råd for kunstnerisk utviklingsarbeid (NRKU) sine møte, og dette fungerer bra. Medlemmer frå programstyret er aktive i NRKU si pågåande utgreiing for å definere innhaldet i KU-begrepet.

Styret har forsøkt å kome i kontakt med andre organ under departementet (NFR, SiU og UiB) med sikte på å kunne kjøpe tenester knytta til tilgang til og drift av søkesystem til dei to programma. Dette har ikkje lykkast. Styret ser no på om det er mogleg å utvikle funksjonalitet i Research Catalogue som kan løyse programmet sine behov for søkesystem, men finn at det er å beklage at vi ikkje kom fram til ei nasjonal løysning med andre institusjonar tilknytta vårt eige fagdepartement.

Tilrådingar til nytt styre:

- I samsvar med vedtektene ivareta rolla som nasjonalt strategisk og styrande organ



Styring og administrasjon av programmet

Programstyret har i perioden fungert som eit arbeidande styre. Det har teke konkret ansvar for samlingar og seminar, og har følgd opp stipendiatane i det gamle regelverket. Styret fekk gjennom dette arbeidet viktige konkrete erfaringar frå verksemda. Samtidig førte det til stor arbeidsbyrde, og at ansvarsdelinga med institusjonane gjekk i feil retning. Fleire tiltak er no sett i verk for at styret kan avlastast frå oppgåver knytta til drift av programmet og meir kan utvikle den strategiske rolla:

- Nye retningslinjer for Stipendiatprogrammet er utvikla med dette fokus
- Ei klarare avgrensing mellom administrativt og fagleg arbeid er trekt opp etter at ny administrativ leiar kom inn i 2014
- Vertsinstitusjon før haustens årlege Artistic Research Forum har fått langt større ansvar for gjennomføring av samlinga

Programstyret har hatt eit svært godt kollegialt miljø og arbeid i fellesskap for dei faglege måla, utan bindingar til eigen institusjon sine interesser. Klima for diskusjon og vurdering har vore åpent og delande. Ein har vore ytterst merksam på moglege habilitetsproblem i søknadshandsaminga, men dette bør formulereast meir prinsipielt.

Programstyret er nøgd med administrasjonen og operatøren si tilrettelegging av styret sitt arbeid.

Tilrådingar til nytt styre:

- Formulere klare habilitetsreglar for styret, særleg i samband med Prosjektprogrammet, om mogleg etter mønster frå NFR

Oppsummering

Programstyret takkar for tilliten som har gjort det mogleg å delta i viktig arbeid og gjere interessante erfaringar på tvers av eigne fagfelt innanfor fagområdet kunst. Styret ønskjer lykke til med vidare utvikling av programmet.